



## MØTEREFERAT - Regional plan Bergensområdet

<b>Referat frå:</b>	Administrativ koordineringsgruppe	<b>Møtedato:</b>	29.08.2014	<b>Tid:</b>	09.30 – 11.30
<b>Møteleiar:</b>	Rune Haugsdal	<b>Møtestad:</b>	Fylkeshuset	<b>Arkivsak:</b>	
<b>Referent:</b>	Snorre Waage	<b>Ref.dato:</b>		<b>Arkivnr.:</b>	
<b>Deltakarar:</b>	Torgeir Flo, Magne Grostad, Christian Alstad, Anny Bastesen, Knut Terje Rekve, Gerhard Inge Storebø, Siri Fahlvik Pettersen, Håkon Rasmussen, Thorbjørn Aarethun, Marit Rødseth, Øyvind Sundfjord, Hans-Christian Engum, Snorre Waage				
<b>Fråvær:</b>	Odd Magne Utkilen, Hogne Haugsdal, Odd Ivar Øvregård, Jarle Landås, Tone Ramsli, Trine P. Grønbech, Helge Eidsnes, Lars Christian Stendal.				

### Referat frå møte i administrativ koordineringsgruppe – 29.08.2014

Rune Haugsdal ønskte alle velkomen til møtet.

#### 13/14 Dagsorden og referat frå førre møte

Ingen kommentarar til førre referat.

#### 14/14 Hovudstruktur for kollektivnettet i Bergensområdet, v/ Hans-Christian Engum

HFk legg fram innhald frå ein rapport som tek føre seg hovudstrukturane for kollektivnettet i Bergensregionen. Presentasjon lagt ved referat.

##### *Innspel:*

- Tar planen høgde for den trafikken som ein forventar rundt nye store næringsareal?
- Ekspressbussar/rutar er ettertrakta for innbyggjarar i omegnskommunane. Planen bør ha fokus på at slike ruter blir oppretthaldt og forsterka.
- Det er eit underutnytta potensial for kollektivpendling frå omegnskommunar til sentrumsområda. For å utløyse endring frå bilbruk til kollektiv må dagens kollektivsatsing styrkast, mellom anna gjennom ekspressrutar til Bergen sentrum. Det nemnes mellom anna eit endringspotensial frå Nordhordland.
- Planarbeidet så langt bygger for mye på dagens situasjon, og for lite på det man forventar/vet vil kome. Den tar heller ikkje med seg viktige pendlartilbod (som snøggått mellom Knarvik – Frekhaug – Bergen) som opplever gode besøkstal.
- Vanskeleg å sjå kva struktur som er den beste før ein ser heile biletet (må og tenkje på næring, - og bustadareal).

- Ein må innlemma store infrastrukturprosjekt som vil endre strukturane. Dette gjelder mellom anna for Nyborgtunnelen, Sotrasambandet og nytt vegsamband til Os. Desse vil kunne skape mulegheit for eit betre og meir effektivt kollektivtilbod (men og meir bilkøyring).

#### 15/14 Skisser til planalternativ, v/ Hans-Christian Engum

HFK presenterte tre forslag til planalternativ, og ynskte innspel frå gruppa. Det må presiserast at alternativa vil utgjere grunnlag for ei konsekvensutgreiing, og at det difor er eit ynskje at dei viser sit stort spenn i alternative utviklingsmulegheiter. Dei tre planalternativa presentert:

Alternativ 1: vekst i fylkessenter/regionsenter/bydelssenter

Alternativ 2: vekst i alle senter

Alternativ 3: vekst i eksisterande byggjesone

Presentasjon er lagt ved referatet.

*Innspel:*

- Støtte til dei tre tilnæringsmåtene, og framgangsmåten med å skissere scenario. Det vil bli eit spørsmål om kommunesamanslåing i tida som kjem, og korleis kommunesamanslåing påverke utbyggingsmønster vil bli utfordrande.
- Spørsmål om kva som er gangavstand, og kva som er sykkelavstand. Dersom ein har ein samla gang- og sykkelavstandsgrense på 3 km, kan mykje av utbygginga skje i områder som er utanfor gangavstand til målpunkt.
- Deler av gruppa oppmoda om at eit av planalternativa skal fokusere på vekst i Bergen (sentrum). HFK meiner dette alternativet allereie er blitt utgreia under KVU for Bergensområdet (80% vekst i Bergen), så denne analysen vil ikkje gjerast på nytt. Alle dei ulike alternativa har sitt utgangspunkt i den «desentraliserte konsentrasjonsmodellen». Det er viktig å understreke, og følgje opp, at modellen berre blir ein suksess om ein skapar bu- og arbeidsbalanse i satsingsområda rundt Bergen (sjølvforsynte senter).
- Ein bør mulegens ikkje bruke same alternativ i heile Bergensregionen. Kanskje streng fortetting er best i Bergen, mens andre stader er ei anna modell best. Må og sjå på kommuneøkonomi og eksisterande infrastruktur – kor er det kapasitet, kor er det skular, barnehagar, infrastruktur og robust/trygg økonomi. Må vere realisme i det, og sjå langt nok fram. Planen må ikkje vere for streng.
- Det er og viktig å ha fleire forskjellige alternativ, som vil synleggjere forskjellane og kva som er gunstig, så kan vi gjere lokale/regionale tilpassingar når vi ser korleis det blir.
- Det blei nemnd at ein har ei oppleving av at næringsareal i Bergen i stor grad transformerast til bustad, og lurar på om det vil/kan vere auke i arbeidsplassar i Bergen kommune. Folk bur der dei kan få ein effektiv veg til jobben. Bergen kommune meiner sjølv det er plass til næringsvekst i eigen kommune, og planlegg for mangfald og gode kombinasjonar med både bustader og næring i tilknytning til kvarandre.

- Bergen kommune har mål om 80% av utbygging i byggjesoner, men ynskjer å understreke at det skal prioriterast i knutepunkt. Bergen ynskjer knutepunktsfortetting, og det blir nok mulegens nokon «rydding» i byggjesone, men dette er ei vanskeleg prosess.
- Alternativ 3 vil krevje meir infrastruktur og koste meir, både for kommuneøkonomien og for storsamfunnet.
- Burde ein hatt eit 0-alternativ? Eit alternativ som i større grad viser dagens praksis i Bergen og omegnskommunane? (Kommunar med 20% fortetting og 80% spreitt).
- Det vart stilt spørsmål til korleis ein vil forholde seg til nyleg vedtekne kommuneplanar som bryt med det alternativet planen veler å gå for?
- *Oppsummerande*: Tilnærminga med fleire planalternativ som grunnlag for ei KU er god, og innhaldet i dei tre alternative verkar fornuftig.

#### 16/14 Utgreiingar – tema Natur-, kulturmiljø og landskap, v/ Snorre Waage

- Viktig å skilje mellom analysar og plan. Analysekart er grunnlagsdokument og ikkje nødvendigvis eit uttrykk for regionale prioriteringar. Dette må gjerast gjennom plankart.
- Monge kommunar har nylege reviderte kommuneplanar der det er gjort gode og grundige lokale prioriteringar, dette må takast omsyn til i den regionale planen
- Ein skal ikkje berre sjå på verdiar og fokusere på at høg verdi er «nei»-område. Ein må sjå på sårbarheit for ulik type inngrep og korleis desse påverkar verdien.
- Viktig balansekunst i den endelege planen å handtere forholdet mellom lokale og regionale vurderingar.
- Verdikarta skal brukast som grunnlag for KU og vurdere konsekvensar av nye byggjeområde
- Ein bør søke å definere regionale korridorar/regional grønstruktur.
- Punktdata kanskje mest nytta i einskilde vurderingar av nye byggjeområde (KU)
- Viktig at ein ikkje tek omkampar om lokale vurderingar som er gjort i kommuneplanen/reguleringsplanar som allereie har fått godkjenning av regionale/nasjonale myndigheiter i kommunale planprosessar.
- Regional areal- og transportplan er ein plan for utbyggingsområda. I planstrategien for Hordaland 2012-2016 er det meldt at ein vil utarbeide ein plan for LNF-områda, denne vil vere retta mot grønstrukturen.
- Skal planen leggje til rette for all bygging i regionsenter mens omegnskommunane sitt igjen med rekreasjonsområda?
- Viktig å leggje til rette for at utbyggingsområda har tilgang på det «grøne» og rekreasjonsområder.

- Viktig å bli konkret, korleis skal dette handterast i praksis?
- Viktig med gode retningslinjer som til dømes kan handtere «mangel» på lokale vurderingar.
- Viktig at ein opp mot politisk er tydeleg på korleis karta skal nyttast, og at dei ikkje einseitig vert oppfatta som «vernekart».
- Ein mogelegheit er at sidan dette er ein regional plan så synleggjer ein berre nasjonale og regionale verdiar, men kommunane og lokale verdiar blir opp til kommunane å handtere sjølve. Kommunedata kan vere med i datasettet men nyttast då på ein annan måte.
- Vi må sikre mekanismar i planen som sikrar at ikkje kommunar som er grundige og har godt grunnlagsarbeide ikkje blir straffa for det. Lokale registreringar, eller mangel på slike, kan koplast til retningslinjer om at undersøkingar skal gjennomførast før tiltak/planar.

#### **17/14 Framdrift og vidare arbeid - framdriftsplan**

- Orientering om framdriftsplan.
- HFK spør om det er ønskeleg med orienteringsrundar i kommunane? Forankring er viktig, og HFK understreker at vi stiller gjerne i kommunar dersom dette er ønskeleg. Samstundes er dette ei oppmoding om å løfte dette planarbeidet opp på agendaen i dei respektive kommunane.
- Innspel om at det er først aktuelt med kommunebesøk når ein har noko konkret å kome med.

#### **18/14 Eventuelt**

- Ein må vele om ein vil nytte denne planen til viktige føringar, planen er viktig for neste finansieringsrunde (bymiljøavtalen), der regional areal- og transportplan er eit premiss.
- Oppmoding om å starte med konkretisering av planarbeid så tidlig som rå. Vanskeleg for kommunane å gje gode tilbakemelding på bakgrunnsmateriale, det er når planen byrja å ta form at ein vil sjå dei verkelege utfordringane, og at kommunar og andre instansar vil kunne kome med tydelegare attendemeldingar. Konkretisering av planen så tidleg som muleg vil generere diskusjon (og forankring) opp mot kommunane.